

Hordaland fylkesbibliotek
Postboks 7900
5020 Bergen

Hordaland Fylkeskommune

03 FEB 2015

Tildeling av utviklingsmidlar – sterk spenstig og klar

Vi syner til søknad datert 01.10.2014 om stønad til prosjektet *Sterk, spenstig og klar*. Søknaden er behandla av Nasjonalbiblioteket (NB) i samråd med Rådgjevande utval for prosjekt- og utviklingsmiddel, og NB har vedtatt å støtte dykkar prosjekt med kr. 600 000kr. i 2015.

Utbetaling av tilskott

Tilskottet vil bli overført etter 1.juni, om vedlagte akseptskjemaet er mottatt og vilkåra nedanfor er aksepterte.

Frist for slik tilbakemelding er 01.03.2015.

Vi ber om å få tilsend revidert prosjektplan dersom tilskottets storleik medfører behov for vesentlege justeringar i prosjektet.

Kunnskapsoverføring

Ved presentasjonar og i rapportar skal det informerast om at prosjektet er støtta av Nasjonalbiblioteket.

Prosjektrapportar kan bli publiserte på NB sine nettsider og bli brukt i anna publisering frå Nasjonalbiblioteket. Prosjekteiar kan bli beden om å lage ein artikkel/rapport som kan gå inn i Nasjonalbiblioteket sin skriftserie *Bibliotheca Nova*.

Det er ein føresetnad at deltakarane i prosjektet ved seinare tilhøve vil stille opp på kurs, seminar o.l. for å formidle erfaringar frå prosjektet. Standardar og kunnskap som kjem ut av prosjektet skal stillast til disposisjon for andre institusjonar.

Vi ønskjer lykke til med prosjektet!

Med venleg helsing

Aslak Sira Myhre
Direktør Nasjonalbiblioteket



Svein Arne Tinnesand
Stabsdirektør

Vedlegg:
Generelle vilkår
Akseptskjema